

Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Hyssingen produksjonsskole (Bergen) og Hardanger produksjonsskole (Ulvik) får stor merksemd nasjonalt og har delt sitt pedagogiske opplegg i fleire forum. Mellom anna har Kongehuset vitja Hardanger produksjonsskule og no i haust var statsråd Guri Melby på besøk til Hyssingen.

Produksjonsskulen i Ulvik har ei delvis finansiering gjennom eit forsøk med tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Fylkeskommunen skal evaluere sine prosjekt og rapportere til direktoratet innan 1.12.2020. Prosjektrapporten vil inngå i utdanningsdirektoratet sitt vidare arbeid opp mot kunnskapsdepartementet og vere ein del av grunnlaget for vidare satsing på tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid.

Kvart år får om lag 60 ungdomar opplæring gjennom produksjonsskule tilbod. Statstikk frå Hyssingen syner at ungdomane i snitt er ved produksjonsskulen i 9,3 månader. Om lag 80% av ungdomane er vert vidareført til utdanning eller arbeidsliv. I tillegg til personlege vinningar for den unge og vaksne, er gjennomføring av vidaregåande opplæring også viktig sett frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Det statlege tilskottet vil dekke aktiviteten ved Hardanger produksjonsskule inneverande skuleår, men det er ikkje statlege midlar til å delfinansiere tilbodet frå hausten 2021. Fylkesordføraren vil nytte eit kvart høve til å marknadsføre tilbodet og behovet for permanent statleg finansiering.»